

**Notat**

Dato: 19.05.2015  
Arkivsak: 2015/3680-2  
Saksbehandlar: gunradd

**Sykkelbyen Stord - ein statusrapport****Bakgrunn**

Sykkelbyavtalen for Stord gjeld i perioden 2013 – 2016. Avtalen er underteikna av Hordaland fylkeskommune, Stord kommune og Statens vegvesen. Hovudmålet er å auke sykkelbruken, samt bidra til at tryggleiken for sykklistar vert betre. Avtalen skal sikre ein langsiktig og målretta satsing på sykkel, og tiltaka omhandlar både infrastruktur og meir «mjuke» verkemiddel for å auke sykkelandelen kring Leirvik. Prosjektet er leia av Stord kommune og prosjektgruppa består av totalt 8 personer. Det er ikkje etablert ei eiga styringsgruppe for sykkelbyen.

**Status for arbeidet**

Sykkelbyen Stord arbeider både med fysiske og mjuke tiltak. Det er utarbeid ein prosjektplan, som skal vere styrande for prioritering av sykkelanlegg, samt gjennomføringa av haldningsskapande tiltak og kampanjar. Det er og utvikla ein profilhandbok som nyttast til å marknadsføre og skape forventningar til sykkelbyen, oppretta facebookside og nettsida: [www.sykkelbyenstord.no](http://www.sykkelbyenstord.no). Her finn vi mellom anna følgjande logo:



- Miljøgate gjennom Leirvik sentrum er under planlegging. Utfordringa er mange kryss og rundkjøringar knytt til nytt kollektivknutepunkt. Trygg sykkelveg gjennom sentrum er høgt prioritert for Sykkelbyen Stord.
- I januar 2015 starta arbeidet med å få sett opp totalt 12 parkeringsskur til sykkel på sentrale plassar kring Leirvik. Det er pr i dag sett ut 11 skur, mens det plasseringa av det siste er uavklart. Sykkelpumper er plassert ved 3 sentrale parkeringsplassar. Prosjekt «Sykkelparkering ved kollektivpunkt/sentrumsnære målpunkt – del 1» er med det rekna som avslutta.



- Strekninga Skrivarvegen – Kyrkja (del 1 av 2) vart i april 2015 tildelt statlege og fylkeskommunale midlar på totalt 5,5 mill kr til å etablere gode sykkelløysingar. Del 1 er ca halve strekket og tar med universelle busslommer og manglande g/s-veg i tillegg til vegutbetring og omlegging av vatn/avløp.
- Prosjekt ny g/s-veg ved Fv 545 Valavatna-området (frå Valvatnet til Heiane) er utført i 2015 i samarbeid med Stord VA og medførte 750 meter manglande link/samanheng frå parkområde ved Heiane og gs-systemet der og fram til bustadområdet som veks fram vest for Heiane (Kroktjødnevegen).
- Sykkelbyen hadde og eit samarbeid om å fullføre opprydding og ny asfalt i Kjøtteinsvegen og gs-vegen frem mot det store industriområdet til Aker Stord med fleire tusen tilsette.
- Oppfølging av handlingsplan for sykkel som transportmiddel føreset at det vert jobba vidare med en hovudsykkelveg mellom Vabakkjen – Heiane.